

Svar til kommunen

Viser til byggetilsyn utført av Sogndal Kommune, der det vart avdekka fem avvik frå byggeløyve for fritidsbustad og anneks på gbnr. 19/184 – Hodlekve.

1. Annekset er bygt med bod i kjellar og kjøkken krok. Endringane er ikkje søkt om.
2. På vestsida av hytta er ikkje omsøkt trapp bygt, i staden er terrenget planert tilsvarande høgda til hovudplan. Denne endringa har medført at planlagt vindauga og dør i kjellar ikkje var mogleg å plasserast. Med å kutte trapp og dør frå kjellar manglar det godkjend rømmingsveg. Endringa er ikkje søkt om.
3. Tre av romma i kjellaren vert nytta til annan bruk enn godkjend. Endringa er ikkje søkt om.
4. Det er etablert nye rømmingsvegar i kjellaren. Rømmingsvegane gir ikkje lett tilgang ut i det fri då det er lagt lemmar av trevirke over utsparingar. Rømmingsvegane er derfor ikkje forskriftsmessigt utført. Endringa er ikkje søkt om.
5. Det er oppført støttemur i betong. Støttemurar skal oppførast i naturstein jamfør byggeløyve med referanse til reguleringsføresegn § 3.2.5. Støttemuren er ikkje søkt om.

Tiltak

For å utbetre dei avvika som vart framlagd av kommunen, vil tiltakshavar gjere følgjande endringar som nemnt i tekst under.

Søknad om bruksendring/Dispensasjon

Søker dispensasjon i samsar med PBL §19-1 til å bruke anneks til ein separat eining som kan nyttast til utleige.

I dei første byggetrinna i Hodlekve er det fleire hytter som har fått godkjent bygging av anneks med kjøkken, Soverom/stove og bad/WC, Det kommunen her er ute etter er å få avklart om det er greitt å nytte annekset til ein fullstendig eining som kan nyttast til utleige separat.

For å verne Hollekve som natur og friluftsområde er det viktig å utnytte allereie ubygde areal i størst mogleg grad, før ein eventuelt må ta i bruk nye og verdifulle naturområde til fritidsbustader.

Slik ståa er i dag så er mange av hytteeigarane i Hodlekve avhengige av å leige ut hyttene sine deler av året for å kunne betene hyttene sine. Skisenteret er avhengige av gjester og inntekter for å etablere seg som eit attraktivt område, slik at dei kan fortsetje å utvikle seg vidare. Skisenteret og utleigarane lev såleis i ein symbiose. Som deleigar burde kommunen dele dette synet.

Politisk burde det være av stor interesse at det er framgang og ikkje tilbakegang som er målet. Det er gjort store inngripen i naturen i Hodlekve og oppbygginga av Hodlekve som ski- og feriedestinasjon i inn- og utland er ei ambisiøs satsing. Ei satsing som kan få store ringverknadar for Sogndal som reisedestinasjon. Difor burde ikkje kommunen no slå beina under dei som er med på å dra lasset i riktig retning.

Som deleigar i Sogndal skisenter Hodlekve, er det vel i kommunen si interesse at ein har eit levande skitrekk som kan tiltrekke og huse mogelege framtidige kjøparar. Som de sjølv seier, «hyttedraumen startar her». Dessverre for mange blir det berre med draumen om hytte, då ikkje alle i samfunnet er like privilegerte. Det at ein kan leige ut mindre einingar er derimot med på å gi dei av oss med dårlegare økonomiske føresetnadar ein smakebit på denne draumen. Skal ein fjerne denne moglegheita er ein med på å bygge opp under dei sosiale skilnadane i samfunnet. Av berre den

grunn aleine burde det vere av stor interesse å ivareta dette tilbodet slik at ein kan famne om alle og ikkje berre utvalde få.

Difor meiner me at fordelane med å innvilge denne bruksendringa er klart større enn ulempene. Vidare burde kommunen og politikarane vurdere å endre praksis rundt akkurat denne problemstillinga, slik at ein kan fortsetje å dra lasset i same retninga.

Endringsmelding for trapp

Søkjer om endringsmelding for trapp som ikkje er bygd, sjå vedlagde teikningar.

Endring i bruk av kjellar

For å etterkome avviket i punkt 3 og 4, vil eigar endre bruk av kjellar tilsvarande dei vedlagde teikningane. Dette tiltaket fører til at romma i kjellaren ikkje lenger går under det som forskrifta seier er rom for varig opphald jm. TEK17 §1-3 bokstav l.

Rømingsvegar

Denne endringa i arealbruken gjer at brannkrava for kjellaren blir endra, sidan det ikkje lenger går for rom for varig opphald.

Støttemur i betong

For å imøtekome dei estetiske krava som er stilt til støttemurar, ynskjer eigar å dekke betongmuren med forblendingsstein tilsvarande dei som er nytta på fasaden til hytta. Dette tiltaket sikrar at det er ein gjennomført estetisk stil på eigedomen, dersom kommunen tykkjer at dette er akseptabelt.